



Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Restaurering av stabbur på gbnr 261/2

1. DELEGERT VEDTAK:

I medhald av delegeringsreglement vedteke i kommunestyret 20. juni 2013, og Forskrift om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket FOR-2004-02-04-448 vert det gjort følgjande vedtak:

Voss kommune løyver inntil kr 250 000 til restaurering av stabbur på gbnr. 261/2, på Vinjetunet. Godkjent kostnadsoverslag, eks. MVA, er kr 780 000. Arbeidsfrist er sett til 01.10.2020.

Restaureringsarbeidet skal skje etter hovudprinsipp for vedlikehald av gamle bygningar der ein tek vare på opphavelege og gamle bygningselement og detaljer så langt råd er. Ein bør nytte same teknikk og materialbruk som då huset vart bygd.

Det er eit vilkår for løyvinga at det vert laga og finansiert eit prosjekt for oppbygging av grunnmur og fundament til stabburet.

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Søknad om tilskot datert 21.11.2017 sak 17/02189 -dok 1 og 2.

3. FAKTA OM SAKA:

Søklar er eigar av gbnr. 261/2 på Vinjetunet og ein av to eigarar av det som er igjen av Vinjetunet. Søklar har og tidlegare arbeidd med istandsetting av bygningar i tunet. Tunet er prioritert i kulturminneplan for Voss kommune, og hadde funksjon knutepunkt for samferdsle.

Frå kulturminneplanen: *På Vinje ligg nokre av dei gamle tuna framleis intakte etter utskiftinga, med høg grad av autentisitet. Fleire av dei gamle vegane ligg framleis synleg i landskapet. Tuna er omkransa av mark som byrjar å gro att, men som framleis er mogleg å redde (jmf Andresen 1998, som laga forvaltningsplan for tunet).*

Rundt 1870 inneheld tunet 47 bygningar, medan det no er no er ca. 10 bygningar att. Fleire av desse er i dårleg forfatning, både bygningar og grunnmurar.

Vinteren 2015 datt ein stor driftsbygning saman, og i denne samanhengen var fylkeskonservator på synfaring på tunet. På synfaringa vart det konkludert med følgande: *Felles for dei fleste er at forfallet har kome langt både når det gjeld fundament og grunnmurar som er i bevegelse, og for byggverket over, der vi såg fleire bygningar med skader i taktekkinga. Naboløa er og i ferd med å sige over ende. Der er det berre eit tidsspørsmål før lafteknutane eller det i konstruksjonen som held att for bevegelsen, gjev etter. Tunet har høg kulturminneverdi, men er ikkje freda med heimel i kulturminnelova. Eigar av løa som er beskriven bur ikkje i tunet. Skal ein*





framover bruke ressursar her, vil ein få mest att for å starte med dei som enno står. Dette vil uansett være prosjekt som kvar for seg er svært kostnadskrevjande, då bygningane må jekkast opp eller plukkast ned for å få forsvarleg arbeidstilhøve under murararbeidet på. Det bør utarbeidast ein langsiktig sikrings- og istandsettingsplan for tunet på Vinje.

4. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

Søkjer driv ikkje landbruksproduksjon sjølv, men areala tilknytt eigedomen er drifta av Ole Draugsvoll. Søkjer er dermed søkjegod.

Vinjetunet er prioritert i kulturminneplanen som eit særleg verdifullt kulturminne, som det er viktig å ta vare på men som og forutset at det er lokal interesse. Kommunen ser dermed svært positivt på initiativet. I samband med at det har vore låg søknads tilfang i 2017, har vi høve til å løyve eit relativt stort bidrag.

Det er framleis ikkje laga noko heilskapleg plan for tunet, slik fylkeskonservatoren ynskjer. Grunneigar jobbar for å få ein heilårsveg til tunet. Dette vil gjere det enklare å vedlikehalde og evt. legge tiltrette for å nytte området til bustad.

Det omsøkte prosjektet omhandlar berre sjølve bygget. For at dette skal kunne gjennomførast er det ein føresetnad at det og vert laga ein plan for grunnarbeidet og oppbygging av grunnmuren.

I sjølve utarbeidinga av prosjektet bør ein halde seg til Fylkeskonservatoren sine anbefalingar for restaurering av freda og verneverdige bygningar. Kommunen anbefalar at plan for restaurering av grunnmuren er klar før prosjektet vert sett i gang.

Vurdering etter §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova.

Det er gjort søk i Naturbasen og Artsdatabanken 6.12.2017. Det er ikkje registrert opplysningar om artar eller naturtypar, som kjem i konflikt med tiltaket. Kommunen vurderer kunnskapsgrunnlaget som tilstrekkeleg opplyst for å vurdere konsekvensar av tiltaket med tanke på naturverdiar. Ein kan heller ikkje sjå at tiltaket vil ha andre avgjerande negative verknader.

Generelt gjeld det at alle inngrep som blir gjort i samband med tiltaket, skal utførast mest mogleg forsiktig og med omsyn til terreng og vegetasjon. Ut i frå ei samla vurdering meiner administrasjonen at det er tatt naudsynte omsyn til naturmangfaldet jamfør §§ 8-12 i naturmangfaldlova.

Generelle vilkår.

- Frist for gjennomføring av tiltaka er sett til **1.10.2020**.
- Det kan søkjast om utsetjing av arbeidsfrist i inntil 2 år, med skriftleg grunngjeving, seinast 1 måned før oppsett frist går ut.
- Lokal forskrift gjev opning for bråtebrenning og brenning av avfall frå beiterydding på gardsbruk. Brenning av anna avfall er forbode. Brenning må skje på dagtid.
- Løyving av tilskot inneber ikkje at tiltaket er godkjent i høve til anna regelverk. Det er difor viktig at søkjar før gjennomføring av tiltak gjer seg kjent med aktuelle lover og forskrifter.

Vilkår knytt til tiltaket

Tiltaket skal vedlikehaldas i **minst 5 år** etter at det er sluttgodkjent.

Regional kulturminneforvaltning

Kulturminne og kulturmiljø som er freda etter Kulturminnelova skal handsamast særskild.

Regional kulturminneforvaltning må kontaktast ved t.d. istandsetjing av freda bygningar, eller skjøtsel kring ein automatisk freda gravhaug, dersom dette går ut over tradisjonell bruk av området til slått eller beiting.

Utbetaling av tilskot

- Tilskot vert utbetalt når tiltaket er gjennomført i samsvar med løyvinga.
- Det kan føretakast delutbetaling av inntil 75% av løyvd tilskot når tilsvarende mengd av arbeidet er utført og dokumentasjon føreligg.
- Resterande tilskot kan først utbetalast når tiltaket er fullført og sluttrekneskap er godkjent av kommunen.



- I søknad om sluttutbetaling **skal det leggjast ved rekneskap med timelister, faktura og foto.**
- Til utbetaling vil kontonr. som står i søknadsskjema verta nytta. Søkjar pliktar å informera skriftleg om eventuelle endringar.

Kontroll

Kommunen og Fylkesmannen kan kontrollera og synfara at arbeidet er gjort som omsøkt, jfr. § 9 i forskrifta om tilskudd til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Omgjering av vedtak

Kommunen kan trekke attende løyvde tilskot om det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga eller tilskotsordninga, jfr. § 10.

Klagerett.

Du har rett til å klage på vedtaket. Jf Forvaltningslova av 10.02.67, kap. VI, § 28, er Fylkesmannen klageinstans. Ein klage må vera grunngjeven, stila til Fylkesmannen men sendt Voss kommune seinast 3 veker frå den dagen tiltakshavar vert informert om vedtaket.

Med helsing
Voss kommune
Næring

Kari Mostad

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur

Kopi til:
Fylkesmannen i Hordaland, Landbruksavdelinga

Mottakar:
Bjørn Løne